

Fråsegn frå årsmøte i Sogn og Fjordane Venstre, Hornindal 12. februar

Til

-Samferdselsdepartementet ved

Samferdselsminister Liv Signe Navarsete

-Transport- og kommunikasjonskomiteen~

Bompengefri rassikring i Fatlaberget

Stortinget skal snart handsame søknad om å finansiera rassikringa av Fatlaberget med bompengar. Sogn og Fjordane Venstre meiner at tryggleik for liv og helse er eit statleg ansvar. Rassikring bør difor fullfinansierast av staten.

Regionvegkontoret har samstundes peika ut Fatlaberget til det mest rasfarlege området i heile Region Vest. Det vert då endå meir urimeleg å påføra vegfarande og næringslivet denne unødvendige ekstraskatten i form av bompengar.

Regjeringspartia har lova 2,2 milliardar meir til samferdsle kvart år. Difor var det skuffande at ein løyvde berre 0,4 milliardar for 2006.

Sogn og Fjordane Venstre krev at Fatlaberget vert fullfinansierast utan bompengar med oppstart i 2006 som forutsett.